



Nils-Jarle Skare

5912 Seim

Dykkar ref.	Vår ref. 2006/2291 - 24278/2008	Saksbehandlar – tlf. Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	Arkivkode 137/168	Dato 30.10.2008
-------------	------------------------------------	---	----------------------	--------------------

Delegert sak

## **Avslag på søknad om endring av løyve - bustad nybygg - Per Gunnar Litleskare - gbnr 137/168 - Alver**

Vi viser til søknad om endring av løyve, motteken 03.07.2008 (komplett) og vedlagt:

- profil
- situasjonsplan
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- Brev frå SØK, datert 10.06.2008
- Merknad frå Liv Berit Ones og Terje Dale
- Merknad frå Truls Thorgersen

### **Saksutgreiing:**

Søknaden gjeld heving av huset med 1,8 m i forhold til den høgdeplasseringa som vart godkjent den 24.11.2005 i delegert sak 371/05.

Denne høgda vart påklaga av naboar, klagen var ikkje teken til følgje av plan- og miljøutvalet, og vedtaket vart stadfesta av fylkesmannen.

**Liv Berit Ones og Terje Dale (137/173)** og **Truls Thorgersen (137/484)** protesterer på omsøkte endring. Då Ones/Dale kjøpte eigedommen, var dei klar over at at det var gitt løyve til oppføring av bustad, og at utsikten vil verta noko redusert, men dei aksepterer ikkje omsøkte heving, som vil føra til drastisk reduksjon av utsikt. Thorgersen klaga i si tid på den godkjende høgda. Han viser til at huset vert svært høgt og dominerande og vil få auka innsyn til hans tomt.

**Ansvarleg søkar, Nils-Jarle Skare** viser til at eit unøyaktig kotekart vart brukt til oppteikning av profil ved innsending av opprinneleg søknad. Det er no teke 4 nye profil i alle grenselinjene, som er vedlagt som grunnlag for endringssøknaden.

Når det gjeld merknaden frå nabo, viser Skare til at utsiktstapet utgjer ein sektor på 21 grader, som han meiner er ein beskjeden reduksjon.

### **Kommentar:**

Med opprinneleg søknad vart det sendt inn profil som viste opprinneleg terreng ut frå kart.

Terrenget var på det tidspunktet vesentleg endra av tiltakshavar med sprenging , planering og oppføring av mur. Før handsaming av søknaden vart terrengprofilen supplert med innmålingar av terrenget slik det var på det tidspunktet (profil datert/journalført 24.11.2008). Dette terrengprofilen vart lagt til grunn for handsaming av opprinneleg søknad og i klagesaka, og det gjekk tydeleg fram av profilet at det må fjernast ein del massar for å få dette huset og nabohuset (på 137/568) ned på godkjent høgde.

### **Vurdering:**

Heving av huset vil føra til auka ulemper i form av utsiktstap for eigedommen bakom og det vil verta høgt og dominerande i forhold til nabohusa – også i forhold til det nye huset som skal byggast nedanfor.

Den høgda som er godkjent for huset, har vore grundig vurdert av administrasjonen og av plan- og miljøutvalet, og vedtaket vart stadfesta av fylkesmannen. Diskusjonen gjekk på om huset måtte senkast – det var ikkje spørsmål om å heva det. I endringssøknaden er det ikkje lagt fram nye opplysningar som tilseier at grunnlaget for vedtaket er feil, og at heving av huset av den grunn bør godkjennast.

### **Gebyr.**

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. SAK § 23d, fastsett ein sakshandsamingsfrist for eittrinnsøknad på 12 veker. Tidsfristen er overskriden, og gebyrkravet fell bort.

### **Vedtak:**

Søknad om endring av løyve vert avslått med heimel i plan- og bygningslova § 93, jf, § 70 nr.1 og § 74 nr.2 og grunngeving i vurderinga ovanfor.


Vedtak i delegert sak 371/05, datert den 24.11.2005, står ved lag.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.*

Med helsing

Tor Hegle (s)  
fagleiar byggesak



Knut Bjørnevoll

Kopi til:

Per Gunnar Litleskare	Oterdalen 42	5914	Isdalstø
Tuls Thorgersen	Alverneset	5914	Isdalstø
Liv Berit Ones og Terje Dale	Dale	5918	Frekhaug